



# Styremøte

---

## Tid og stad:

Tysdag 18. mars 2014 kl. 18.00 hos Anne Bjørg.

## Saksliste:

1. Gymsal-treningar/idrettsskule
2. Klubblogo
3. Fotball Larsnes
4. Symje-saka
5. Sjutoppsturen
6. Idrettsmerke
7. Arthur-helga
8. Eventuelt

## Desse var til stades:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor
Nestleiar	Endre Vorren
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor
Kasserar	Svein Helge Bringsvor

Styremedlem Knut Olav Skare var ikkje til stades.

## Referat:

**Sak 1:** Ingrid, som leier treningane for ungane onsdagane, har gitt uttrykk for at det er noko rotete med tanke på foreldre som tek opp plass og at ungane oppfører seg dårlegare når foreldra deira er der. Heilt vanleg andre stader å nekte foreldra å vere der under treningane. Vi kontaktar nokre av foreldra og bed dei om å vere der og hjelpe til kvar sin gong. Held i gang treningane i alle fall fram til påske (har tilgang til gymsalen til 1.5.).

**Sak 2:** Klubblogoforslaget vart ikkje teke opp på årsmøtet pga. dårleg oppmøte (stort sett berre styret møtte). Vi vedtek at logoen no kan brukast offisielt.



**Sak 3:** Larsnes IL sendte ut eit informasjonsskriv etter at folk herifrå tok kontakt med dei for å få spele fotball der inne. Det viser seg no at det aktuelle laget ikkje hadde hatt nok spelarar dersom det berre var larsnesingar med. Det burde difor heller ha vore eit samarbeidslag mellom Sandsøy, Kvamsøy og Larsnes. Fleire tilfelle både tidlegare år og i fjor der spelarar har gått over til Larsnes utan at vi har fått beskjed om dette. Dette er dårlege haldningar, spesielt når personar utan mandat gir feilaktig informasjon at det ikkje vert lag her med oss osv. Lite vi kan gjere med dette no, men vi har gitt svar om at vi er sterkt kritiske til framgangsmåten som har vore nytta.

Dei attverande laga her på øya (som er i samarbeid med Kvamsøy) startar opp med treningar tysdag om ei veke.

**Sak 4:** Vi har fått svar på brevet til kommunen vedrørende symjeopplæringa i skulen. Svært mangelfullt – svarar ikkje på spørsmåla våre. Saka teke opp i formannskapet, dette etter påpeiking om at brevet vårt var adressert også til ordføraren, ikkje berre komunalleiaren. Framleis ingen lovnader om tilbod i år, men vi har i alle fall fått sett fokus på saka, og vi gjer ikkje meir inntil vidare.

**Sak 5:** Kioskoplegget på Rosenlund vert likevel som det har vore tidlegare pga. sterke meiningar i kiosknemnda. Ikkje slik som vi hadde tenkt det. Vi skal hjelpe til med å vaske toalett/dusj. Elles som før.

**Sak 6:** Vidar Vaage har vore ivrig etter å arrangere idrettsmerketaking for ungar. Han har fått tydeleg beskjed om at dette må gjerast gjennom idrettslaget. Har fått oppgåve i å undersøke om dette kan gjerast på skulen sin idrettsdag til sommaren. Vi tek vidare affære når han har fått svar på dette.

**Sak 7:** SIL skal ha to representantar i samarbeidsgruppa til Arthur-helga. Anne Bjørg kan vere med eit år til, vil ha med Knut Olav også. Utfordringar når det gjeld teltet på hamna (Ove har sett Gunhildbuda til disposisjon), men dette avventar vi inntil vidare. Buda må gjennomgå store forbetringar før den er aktuell.



**Sak 8:** Innspel til premieringa/utmerkingane til Sjutoppsturen i samband med at den går av stabelen for tiande gong. Kanskje vi bør rette fokus mot dei (to-tre personar) som starta med turen for ti år sidan. Anne Bjørg undersøker dette.

**Sak 9:** Eventuelt

Spørsmål om vi skal inngå sponsoravtale for to år med Sparebanken Møre. Spelar sikkert ikkje stor rolle – ikkje mykje pengar uansett (om lag 10.000 kr pr. år). Fekk i fjor korterma drakter til dei yngste. Sjeldan vêr til den slags her på desse kantar. Krevje å få nye med lange ermar. Endre tek kontakt.

Møtet var slutt kl. 20.15.